



Ronny Jensen
Grønlandsvegen 10
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2855 - 16/22937

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

02.12.2016

Mangelsbrev - GBNR 23/122 - Søknad om løyve til oppføring av påbygg - Grønlandsvegen

Viser til søknad om løyve til bygging, journalført 29.11.2016.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 20-4 bokstav a) at oppføring av «*mindre tiltak på bebygd eigedom*» er søknadspliktig, men tiltakshavar kan søkje på eiga hand.

Eit «*mindre tiltak*» er «*et enkelt tilbygg hvor verken samlet bruksareal (BRA) eller bebygd areal (BYA) er over 50 m²*», jf. byggjesaksforskrifta § 3-1 bokstav a).

Eit «*tilbygg*» er ei utviding av bustaden som medfører økning av byggingen si grunnflate (bebygd areal, samt normalt ei økning i bruksarealet). Eit påbygg er ei utviding av bustaden i høgda, utan at grunnflata vert endra, men som normalt gir ei økning i bruksarealet.

Slik kommunen ser det er det omsøkte pr. definisjon eit påbygg som ikkje medfører ei endring i grunnflata. Eit påbygg er ikkje eit «*mindre tiltak*» som tiltakshavar kan søkje om på eiga hand, jf. pbl § 20-4 bokstav a).

Det ovannemnde inneber at de må ha ein ansvarleg søkjar for tiltaket, jf. pbl § 20-3. Ansvarleg søkjar må ha ansvarsrett etter pbl kapittel 23. Vi avventar vidare handsaming av søknaden.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Ronny Jensen

Grønlandsvegen 5918
10

FREKHAUG